

**Bispedømmerådet har no stadfesta at Uskedal er det rette namnet på kyrkja og soknerådet, ikkje Uskedalen
Saka vart reist frå lokalt hald før jul.**

Den bunde forma

Uskedalen har snike seg inn etterat bygda på 1960-talet fekk postnummer 5463 Uskedalen. Bispedømmerådet har merka seg dette:

Lag, foreiningar, firma og bygg nyttar USKEDAL, til dømes Uskedal bedehus, Uskedal ungdomslag, Uskedal vassverk. Kvinnherad mållag støyr soknerådet. Det er også vist til jubileumsheftet då kyrkja fylte 50 år i 1964. Også då vart USKEDAL nytta.

Bispedømmerådet takkar for at fellesrådet har gjort dei merksame på saka og ber om at namnet USKEDAL også vert nytta av andre offentlege organ.

Denne saka vart også berørt under vedtektsbehandlinga i årsmøtet i **Uskedalen** Utvikling onsdag kveld utan at ho vart teke opp til realitetsdrøfting

Leiar av soknerådet Møyfrid Kristoffersen skriv til rådet at dei no må endra namnet på plakat-tavla og ber om forslag om korleis det skal skje.

Av Ola Matti Mathisen